



Mina Nævdal Solberg

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2525 - 18/8184

Saksbehandlar:

Morten Olsen Schulstad

morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:

09.03.2018

Svar på søknad om å få gå til senteret frå klasse 10A

Viser til brev, mottatt 08.03.18, der det søkast om løyve til å forlate skulen sitt område i matfri.

Rektor fattar med dette følgjande vedtak:

Elevane i klasse 10A har løyve til å forlate skulen sitt område i matfri frå og med måndag 12.03.18 til og med 20.06.18.

I behandlinga av søknaden er det lagt særskilt vekt på følgjande grunngjeving:

- Ordninga gjev elevane høve til å øve seg på å være sjølvstendige og til å oppleve meistring.
- Ordninga gjev elevane eit avbrekk i skulekvardagen.

Rektor tillet seg å stille spørsmål ved argumentet om at elevane kan snakke meir fritt med kvarandre på senteret enn på skulen. Om det er slik at elevane i klasse 10A ikkje kan snakke fritt på skulen tyder det enten på at elevane samtalar om ting dei ikkje burde samtale om, eller at elevane opplever seg urimeleg overvåka. Korkje den ene eller andre forklaringa tyder på eit godt skulemiljø. Rektor vil oppfordre klasse 10A til å forklare dette i meir detalj.

Med dette vedtaket viser skulen klasse 10A tillit, med ein forventning om at kvar einskilde elev representerar skulen på ein god måte når den forlater skulen sitt område og at skulen sine reglar for orden og åtferd overhaldes. Rektor tar atterhald om retten til å gjere om dette vedtaket dersom elevane i klasse 10A ikkje viser seg tilliten verdig.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:
Mina Nævdal Solberg